

Til lokallagsleder



Noregs Kristelige Folkehøgskolelag

Rundskriv L 3-2014

Oslo 17. februar 2014

Handlingsplan 2014 – 2015 - drøfting i lokallagene

Under landsmøtet på Danvik Folkehøgskole 2. – 5. juni 2014 skal det vedtas handlingsplan for NKF for 2014 - 2015. Denne handlingsplanen blir den siste i denne prinsippprogram-perioden (2011 – 2015).

I den sammenheng ønsker vi innspill og forslag til hva denne handlingsplanen kan inneholde og forslag til prioriteringer.

Vi ønsker at lokallaget drøfter denne saken på et lokallagsmøte og sender inn sine forslag til NKF **innen 17. mars 2014**.

Vedlagte høringsnotat er ment som en disposisjon for en slik drøfting.

I tillegg til denne høringen i lokallagene har en del av NKFs medlemmer svart på en enkel spørreundersøkelse knyttet til ny handlingsplan. Den spørreundersøkelsen inneholdt andre spørsmål enn vedlagte høringsnotat.

Lokallaget kan svare direkte i høringsnotatet og returnere dette til NKF v/Arvid Kopperdal, E-post adressen er arvid@ikf.no

Vedlegg:

- Høringsnotatet (side 2-4)
- Handlingsplanen 2013-2014 (side 5-8)
- NKFs prinsippprogram 2011-2015 (side 9-12)

Med hilsen NKF

Tor Grønvik
daglig leder

Arvid Kopperdal
organisasjonskonsulent

Høringsnotat om NKF's handlingsplan 2014-2015

Høringsnotatet bygger på strukturen i nåværende handlingsplan for 2013-2014.

Høringsfrist: 17. mars 2014

Bruk gjerne vedlagte handlingsplan 2013 – 2014 (side 5-8) og NKF's prinsippprogram for perioden 2011 – 2015 (side 9-12) i arbeidet med dette drøftingsnotatet.

Innledningene til hvert punkt (i kursiv) er hentet fra de fem hovedpunktene i NKF's prinsippprogram 2011-2015.

NB: Vi vil gjerne ha innspill selv om dere ikke har forslag til alle punktene.

1 NKF som organisasjon

NKF skal vere den mest relevante og attraktive organisasjonen for alle som arbeider i den kristne folkehøgskolen.

1.1 Hva kan gjøre NKF mer relevant og attraktiv for de ansatte / for ulike grupper av ansatte?

1.2 Forslag til tiltak som kan bidra til medlemsøkning på skoler der noen/mange ansatte ikke er NKF-medlemmer:

2 Skolepolitikk og arbeid for å styrkje folkehøgskolen som skoleslag

Den kristne folkehøgskolen skal vere ein aktuell og framtidsretta del av skoletilbodet i Noreg, og ha gode rammevilkår for drifta.

2.1 Hvilke skolepolitiske saker bør NKF-styret legge vekt på?

2.2 NKF satser nå ganske tungt på UKT-prosjektet (UKT = Ungdom, Kultur, Tro) for å styrke de kristne folkehøgskolenes identitet og profil. Hvilke andre tiltak kan styrke skolenes identitet som (kristne) folkehøgskoler?

3 Arbeid for gode løns- og arbeidsvilkår for medlemmene

Løns- og arbeidsvilkåra på dei kristne folkehøgskolane skal vere gode og konkurransedyktige. Arbeidsmiljøet og arbeidstilhøva skal stimulere til innsats og ivareta dei tilsette.

3.1 NKF og FHF (Folkehøgskoleforbundet) skal sammen arrangere tillitsvalgtkurs høsten 2014. Hvilke tema / saker mener dere vi bør ta opp der?

3.2 Andre forslag eller ønsker knyttet til tillitsvalgtopplæringen / arbeidet for gode lønns- og arbeidsvilkår?

4 Kompetanseutvikling for dei tilsette

Dei kristne folkehøgskolane skal vere attraktive arbeidsplassar der det blir lagt aktivt til rette for at dei tilsette får utvikle sin kompetanse.

4.1 På hvilken måte kan NKF bidra til økt kompetanse for de tilsatte på folkehøgskolene i perioden 2014-2015?

4.2 Forslag til aktuelle kurs som vil øke kompetansen for de tilsatte:

4.3 Andre innspill når det gjelder kompetanseheving:

5 Skoleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid og kvalitetsutvikling på skolane

Dei kristne folkehøgskolane skal vere verdibeviste og opne, aktuelle og nyskapande og gje gode faglege og sosialpedagogiske tilbod. Dei skal vere attraktive for elevane, og som samarbeidspartar for andre skolar og skoleslag.

5.1 Skoleutviklingsarbeid og pedagogisk utviklingsarbeid.

Forslag til fag eller temaer NKF skal prioritere i skoleutviklingsarbeidet:

5.2 Hvordan kan NKF bidra til god skoleutvikling på de kristne folkehøgskolene?

5.3 Andre forslag knyttet til utviklingsarbeid og kvalitetsutvikling:

Handlingsplan for NKF 2013 - 2014

Årsmøtet i 2011 vedtok prinsippprogram for fireårsperioden 2011 - 2015. Prinsippprogrammet presenterer tradisjon og verdigrunnlag for NKF. Og det viser til fem overordna arbeidsmål for organisasjonen, med eksempel på aktuelle tiltak og arbeidsområde under kvart av dei. Nokre av desse arbeidsområda vil vere dei same frå år til år. Den årlege handlingsplanen skal peike ut nokre særskilde satsingsområde for kvart arbeidsår.

1. NKF som organisasjon

Overordna arbeidsmål i prinsippprogrammet 2011 – 2015:
NKF skal vere den mest relevante og attraktive organisasjonen for alle som arbeider i den kristne folkehøgskolen.

Hundreårsjubileum

NKF er 100 år i 2014. Både førebuingar og gjennomføring av jubileumsarrangement vil stå sentralt dette arbeidsåret. Dei ulike jubileumstiltaka skal gi dei tilsette inspirasjon i arbeidet og vere ein positiv markering av dei kristne folkehøgskolane. Det skal gjevast ut eit eige jubileumsskrift.

Informasjon og kommunikasjon med medlemmane

NKF sin nettstad vart fornya i 2012. Vi vil vidareutvikle informasjonen til medlemmane med utgangspunkt i nettstaden, og legge opp til meir tovegs kommunikasjon der det høver.

2. Skolepolitikk og arbeid for å styrkje folkehøgskolen som skoleslag

Overordna arbeidsmål i prinsippprogrammet 2011 – 2015:
Den kristne folkehøgskolen skal vere ein aktuell og framtidsretta del av skoletilbodet i Noreg og ha gode rammevilkår for drifta.

Det skolepolitiske arbeidet blir for ein stor del gjort gjennom Folkehøgskolerådet i samarbeid med Folkehøgskoleforbundet, Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontor for kristen folkehøgskole.

NKF vil oppmoda skolane til å kontakte og invitere lokale politikarar for å gjere dei betre kjent med folkehøgskolane sitt arbeid og den rolla dei spelar for elevane.

Ein hovudbodskap politisk skal vere at løyvingane til folkehøgskolen må bli styrkt og fylgje utviklinga i elevtalet. NKF vil og arbeide for at det vert lagt til rette for å starta nye folkehøgskolar.

NKF vil nytta 100-årsjubileet til ein utoverretta presentasjon av dei kristne folkehøgskolane.

3. Arbeid for gode løns- og arbeidsvilkår for medlemmene

Overordna arbeidsmål i prinsippprogrammet 2011 – 2015:

Løns- og arbeidsvilkåra på dei kristne folkehøgskolane skal vere gode og konkurransedyktige. Arbeidsmiljøet og arbeidstilhøva skal stimulere til innsats og ivareta dei tilsette.

Mykje av fagforeiningsarbeidet blir gjort i samarbeid med Folkehøgskoleforbundet og gjennom samarbeidsavtalen med Utdanningsforbundet.

Førebuing av ny særavtale for undervisningspersonalet

NKF vil arbeide aktivt for at det avtalte utvalsarbeidet saman med Virke blir godt og grundig så ein får eit godt og realistisk grunnlag for forhandlingane om ein fornya avtale.

Felles opplæring for rektorar og tillitsvalde

Avtaleverket føreset at dei lokale partar har god kunnskap om lovar og avtaleverk. NKF vil ta initiativ til felles opplæring for rektorar og tillitsvalde. Den nye særavtalen for undervisningspersonalet, som skal forhandlast dette året, peikar seg ut som eit godt høve til slik fellesopplæring.

Gode rammer for tillitsvaldarbeid

NKF vil arbeide for at det blir gode praktiske rammer for tillitsvaldarbeidet på skolane.

4. Kompetanseutvikling for dei tilsette

Overordna arbeidsmål i prinsippprogrammet 2011 – 2015:

Dei kristne folkehøgskolane skal vere attraktive arbeidsplassar der det blir lagt aktivt til rette for at dei tilsette får utvikle sin kompetanse.

Kompetanseutvikling for dei tilsette er eit ansvar for kvar einskild skole som arbeidsgjevar, og for dei tilsette. NKF vil vere pådrivar, ressurs og samarbeidspart for skolane og medlemmene.

Kurs og konferansar i NKF hausten 2013 og planar for våren 2014:

Kurs for nytilsette

Kurset Ny i folkehøgskolen, 5. – 9. august 2013, på Sunnmøre folkehøgskule, Ulsteinvik. For alle tilsette.

Kurs for tilsette med lang teneste i folkehøgskulen

Kurset "Erfaring og arbeids glede: Lang og tru teneste" blir planlagt til våren 2014. For alle tilsette på skolen.

Folkehøgskolekonferansen 6. november 2013

Konferanse i samarbeid med Utdanningsforbundet og Folkehøgskoleforbundet (FHF) i «Lærernes Hus» i Oslo, med tema "Læringslyst – frihet til å lære". Rådgjevarar og vegleiarar i vidaregåande skole er spesielt inviterte.

Regionalt kurs om sosialpedagogiske utfordringar

NKF vil, i samarbeid med ein av skolane, arrangere eit regionalt kurs om aktuelle sosialpedagogiske utfordringar. Kurset vil ta utgangspunkt i materiale frå heftet "Byggesteiner".

Kurs for friluftslivslærarar

I samarbeid med FHF er kurs for friluftslivslærarar hausten 2013 under planlegging.

Vidareutdanning i skoleutvikling

I samband med UKT-prosjektet (sjå nedanfor) skal NKF, i samarbeid med Menighetsfakultetet, tilby eit vidareutdanningsstudium i skoleutvikling på 30 studiepoeng over to år.

Bok om kristen folkehøgskule i praksis

I samband med UKT-satsinga blir det og utarbeidd ei bok om kristen folkehøgskule, til bruk både for nytilsette og andre medarbeidarar i skuleslaget.

5. Skoleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid på skolane

Overordna arbeidsmål i prinsippprogrammet 2011 – 2015:

Dei kristne folkehøgskolane skal vere verdibevisste og opne, aktuelle og nyskapande og gje gode faglege og sosialpedagogiske tilbod. Dei skal vere attraktive for elevane, og som samarbeidspartar for andre skolar og skoleslag.

Kvalitetsutvikling er eit lovpålagt ansvar for alle folkehøgskolane. Også på dette området ser NKF seg som pådrivar, ressurs og samarbeidspart for skolane.

PU-prosjekt

Prosjektet "Fag som folkehøgskolefag" held fram. Prosjektet handlar om allmenndanning i undervisninga. Spørsmålet er kva eit folkehøgskolefag er, kva slags innhald, metodar og planar som gjer faget til eit folkehøgskolefag.

Prosjektet "Reisens pedagogikk" får ei ny vinkling. Nettstaden blir ferdigstilt og meir stoff med relevans til vidaregåande skole og høgere utdanning blir tilgjengeleg.

Prosjektet om **sjølvevaluering** held fram. Alle skolane er inviterte til å gjennomføre sjølvevalueringa med eit felles tema i skuleåret 2013-14. Temaet er danning og fag. Dette opplegget er eit samspel mellom to prosjekt: "Fag som folkehøgskolefag" og "Selvevaluering".

Prosjektet "**Sosiale medier**" held fram i haustsemesteret. Etter ei opningssamling i vår, der både IKF- og IF-skolar deltok, blir fire-fem skolar med vidare i prosjektet for å utvikle valfag eller andre pedagogiske opplegg.

Samarbeidsprosjektet med FHF (NF) "**Metodejam**" er under arbeid:

- Metodebank (ressursbank på nettet)
- Metodejamsessions (verkstader og samlingar der ein deler røynsler)
- Metodejam 2.0 (bok om elevmedverknad og demokratisk danning)

UKT-prosjektet (Ungdom, kultur, tro)

Ein toårig prosjektfase for dei deltakande skolane startar med ei samling for prosjektleiarane i august 2013. Prosjektleiarane og andre interesserte deltek i eit vidareutdanningsstudium i skoleutvikling med hovudvekt på den einkilde skolens kristne identitet. I løpet av dei to åra skal dei leie fire ulike utviklingsprosjekt på eigen skole.

Folkehøgskolebok

NKF skal saman med FHF samarbeide med professor Tom Tiller om folkehøgskolen som ein kreativ arena for vekst og læring. Boka skal ta utgangspunkt i kvardagen til elevar og tilsette.

Vedtatt på NKFs årsmøte 28. mai 2013

Prinsippprogram for Noregs Kristelege Folkehøgskolelag 2011-2015

- *NKF organiserer den kristne folkehøgskolerørsla*
- *NKF er arbeidstakarorganisasjon for tilsette i folkehøgskolen*
- *NKF er interesseorganisasjon for den kristne folkehøgskolen*

Verdigrunnlag

NKF vil - styrkja og forma ut den kristne folkehøgskolerørsla med forankring i evangelisk kristen vedkjenning. (frå vedtektene § 1). I dette ligg både ein vilje til truskap mot organisasjonen si historie og tradisjonar, og ei ope haldning til aktuelle impulsar og utfordringar i vår eiga tid.

Menneske – samfunn – skaparverk

NKF bygger på eit kristent menneskesyn. Mennesket er skapt ”i Guds bilete”. Kvart einskild menneske har eit ukrenkeleg verd, uavhengig av prestasjonar og funksjonsevne. På ein kristen folkehøgskole skal alle få ta i bruk si unike utrusting og bruke sine eigenskapar i samspel med andre.

Menneske er skapte til fellesskap. Å realisere eit kristent menneskesyn vil mellom anna handle om balansen mellom sjølvrealisering og ansvar for fellesskapet. NKF vil arbeide for eit demokratisk samfunn der alle opplever seg inkluderte.

Mennesket sin identitet er knytt til kunnskap om eigne historiske røter. NKF ser det difor som vesentleg å ta vare på nasjonale kulturtradisjonar. Samtidig vil NKF legge vekt på det globale perspektivet. NKF vil vere open for impulsar frå andre kulturar og arbeide for større forståing på tvers av kulturgrenser, både i det norske samfunnet og globalt.

Til ei kristen forståing av mennesket høyrer det å sjå mennesket som ein del av heilskapen i skaparverket. Naturen har sin eigen verdi. Han er både vilkår og ramme for livsutfaldinga til mennesket. Mennesket har forvaltaransvar i skaparverket til beste for heilskapen. Berekraftig utvikling og miljøansvar vil vere viktig for NKF.

Skole – læring – pedagogikk

Folkehøgskolen er ein allmenndannande skole. NKF ser allmenndanning som eit omgrep som femner både kunnskapstileining og personleg og sosial vokster.

Allmenndanning knyter individet til fellesskapet, både i det nære og globalt. Eit danna menneske er både sjølvstendig og sosialt ansvarleg.

Det sosiale og demokratiske aspektet er viktig i NKF sitt syn på læring. Vi lærer i samarbeid og samspel med andre. Dialog, samspel og medansvar fremmer læring. I folkehøgskolen er læring knytt både til undervisningssituasjonen og til internatet og det sosiale livet på skolen.

Livsnær undervisning med vekt på erfaringslæring står sentralt. Den gode lærings situasjonen i folkehøgskolen tek utgangspunkt i opplevingane og erfaringane til elevane.

Folkehøgskolen er ein verdiskole. Den kristne folkehøgskolen vil gi elevane møte med kristen livsforståing, kristen tru og kristent liv. Dette skal sameinast med respekten for elevane sin integritet og ansvar for eigne livsval.

Overordna arbeidsmål for NKF 2007 - 2011

For arbeidet med å realisera dette verdigrunnlaget har NKF sett seg desse overordna måla på fem arbeidsområde:

1. NKF som organisasjon

NKF skal vere den mest relevante og attraktive organisasjonen for alle som arbeider i den kristne folkehøgskolen.

Aktuelle tiltak og arbeidsområde:

Kontakt med lokallaga og skolane. Støtte og samarbeid med lokallag på alle folkehøgskolar der NKF har medlemmer. God kommunikasjon med medlemmer og tillitsvalde. Involvering og medverking frå medlemmane i utvikling av organisasjonen. Opplæring for tillitsvalde i alle ledd i organisasjonen. Nettstaden og bladet Kristen Folkehøgskole. Vedlikehalde og utvikle gode medlemstilbod.

2. Skolepolitikk og arbeid for å styrkje folkehøgskolen som skoleslag

Den kristne folkehøgskolen skal vere ein aktuell og framtidsretta del av skoletilbodet i Noreg, og ha gode rammevilkår for drifta.

Aktuelle tiltak og arbeidsområde:

Medverke aktivt til å gjere folkehøgskolen synleg og kjent, i samfunnet generelt og spesielt i pedagogiske og politiske miljø. Arbeide for å sikre tilstrekkelege offentlege løyvingar til drifta ved skolane.

Saman med Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole (IKF), vil NKF styrkje interessa for og synleggjere den kristne folkehøgskolen innan kristne

organisasjonar og trussamfunn. NKF vil og arbeide for å styrkje motivasjonen til å satse på folkehøgskolen i eigarorganisasjonane. Profilere dei kristne folkehøgskolane som aktuelle og framtidsretta i eit samfunn der tro og livssyn har fått fornya interesse og aktualitet. Delta aktivt i samarbeidsfora i Noreg, Norden og internasjonalt der det er tenleg at den kristne folkehøgskolerørsla er representert.

Det skolepolitiske arbeidet blir for ein stor del gjort i samarbeid med Norsk Folkehøgskolelag gjennom Folkehøgskolerådet.

3. Arbeid for gode løns- og arbeidsvilkår for medlemmene.

Løns- og arbeidsvilkåra på dei kristne folkehøgskolane skal vere gode og konkurransedyktige. Arbeidsmiljøet og arbeidstilhøva skal stimulere til innsats og ivareta dei tilsette.

Aktuelle tiltak og arbeidsområde:

Halde oppe og vidareutvikle kompetanse i arbeidslivsspørsmål så ein kan hjelpe einskildmedlemmer, lokale tillitsvalde og skolar i saker som har med arbeidsrett, lover, regler og avtaleverk å gjere.

Grundig og effektiv opplæring for alle tillitsvalde i organisasjonen.

Styrke dei sentrale forhandlingane om løns- og arbeidsvilkår. Støtte til lokallaga i forhandlingar på skolane.

Samarbeide med andre fagforeiningar der det kan vere til fordel for medlemmene.

Årsmøtet har vedteke eit eige lønspolitisk dokument for NKF.

Mykje av fagforeiningsarbeidet blir gjort i samarbeid med Norsk Folkehøgskolelag og gjennom samarbeidsavtalen med Utdanningsforbundet.

4 Kompetanseutvikling for dei tilsette

Dei kristne folkehøgskolane skal vere attraktive arbeidsplassar der det blir lagt aktivt til rette for at dei tilsette får utvikle sin kompetanse.

Kompetanseutvikling for dei tilsette er eit ansvar for kvar einskild skole som arbeidsgjevar. NKF vil vere pådrivar, ressurs og samarbeidspart for skolane og medlemmene.

Aktuelle tiltak og arbeidsområde:

Inspirasjons- og etterutdanningskurs for ulike grupper av tilsette. Vidareføre satsinga på arbeidsvegleiing som tilbod på alle skolane. Andre tiltak for erfaringslæring gjennom arbeidet. Fremme forståing for og kompetanse i verdibasert undervisning generelt og arbeide særskilt med utfordringar knytt til å realisere skolane si kristne målsetting i eit pluralistisk samfunn. Særlege opplæringstilbod for nyttilsette.

5 Skoleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid på skolane

Dei kristne folkehøgskolane skal vere verdibeviste og opne, aktuelle og nyskapande og gje gode faglege og sosialpedagogiske tilbod. Dei skal vere attraktive for elevane, og som samarbeidspartar for andre skolar og skoleslag.

Kvalitetsutvikling er eit lovpålagt ansvar for alle folkehøgskolane. Også på dette området ser NKF seg som pådrivar, ressurs og samarbeidspart for skolane.

Aktuelle tiltak og arbeidsområde:

Tilby skolane fagleg hjelp i utviklingsarbeidet ved eigen skole. Styrkje skolane sin kompetanse til sjølvevaluering. Satsing på vegleiing for elevane. Legge til rette for at skolane kan samarbeide og lære av kvarandre. Halde ved lag ein pedagogisk og ideologisk debatt. Bygge alliansar og samarbeide med andre fagmiljø og aktørar innan pedagogikk og skoleutvikling, ungdomsforskning og trosformidling. Initiere og delta i forskning knytt til det som er særmerkt ved folkehøgskolen som læringsarena. Stimulere skolane til å finne og uttrykke sin eigenart som del av den kristne folkehøgskolerørsla.

NKF samarbeider med NF om fleire av skoleutviklingstiltaka.

Prinsippprogrammet blir vedteke av årsmøtet i NKF for fire år om gongen. Årsmøtet vedtek i tillegg kvart år ein handlingsplan som konkretiserer arbeid og mål innanfor dei ulike arbeidsområda til organisasjonen.

Vedteke av årsmøtet i NKF, Grenland folkehøgskole 6.- 9. juni 2011